



Bak frå venstre : Viktoria Eik, Kari Bråtun, Cathrine Haugland, Ingebjørg Haugland og Katrine Yri Røsland Framme frå venstre : Solveig Haugland, Katrine Saghaug og Veslemøy Haugland

Trio arrangerte i dag den tradisjonsrike Triostafetten for 45.gong. Uskedalen stilte med eit jentelag og eit damelag.

Jentelaget sigra i år igjen, og fekk dermed sitt 2. napp i vandrepokalen.

4 lag stilte til start i denne klassen.

Damelaget kom på ein flott 2.plass, med Rosendal turnlag på 1.plass og Trio på 3.plass.

Fleire av jenteløparane våre sprang både på jente- og damelaget !

Stafetten går i området rundt skulen og sjukehuset på Valen. For jentene og damene er lengda på etappane mellom 100m og 600m.

Herre- og gutteløparane spring noko lengre etappar.Til neste år hadde det vore kjekt å kunna stilla med både gute- og herrelag, i tillegg til jentelaga.

Rosendal turnlag stilte i år med heile 7 lag totalt !

Å springa stafett er kjekt, og vi oppmodar gamle og unge som likar å halda seg i form ved å springa litt/gåturar til fjells om å stilla på treningane våre på tysdagar og onsdagar. Tysdagar er det start frå Haugland kl. 19.

Turane går gjerne opp ein skogsveg, og ned ein annan eller liknande. Denne treninga passar for ungdom/senior. Onsdagane er det trening på Heio frå kl. 18. Aldersgruppa her er frå 10 – 16 år.

Ski/friidrettsgruppa i UIL